



Høgre

# Kandidatar for Tokke Høgre 2023–2027

# Tokke Høgre



**1. Stål-Inge Gjetmundsen**  
Åmdals Verk

**2. John Utigard**  
Byrte

**3. Anna Christine Vangsnes Øvrebø**  
Dalen



**4. Tor Eikland Lunde**  
Dalen

**5. Svein Erik Hagen**  
Skafså

**6. Alvilde Båtnes Bergland**  
Dalen

**7. Jane Helen Veen**  
Dalen





**8. Sigvart Asle Lie**  
Dalen

**9. Gudrun Vangsnes Øvrebø**  
Dalen

**10. Morten Godtland**  
Dalen

**11. Jan Svensen**  
Åmdals Verk



**12. Tor Arne Hagen**  
Dalen

**13. Hege Elisabeth Gjetmundsen**  
Åmdals Verk

**14. Gunnar E. Seltveit**  
Åmdals Verk

**15. Hallvard Blomhaug**  
Skafså



## Valprogram 2023

## Vi satsar på dei unge

Vi vil gjerne at så mange unge som råd søkjer seg tilbake til Tokke etter avslutta utdanning. Alle unge skal kunne få lyst til å 'kome heim' til ein kommune med gode servicetilbod i trygge og gode oppvekstmiljø. Tokke Høgre vil derfor

- lage attraktive møteplassar for dei unge i forskjellige aldersgrupper med fokus på ungdomane sine egne ynskje og interesser
- tilby sommararbeid til all ungdom under utdanning
- medverke til at det blir etablert fleire arbeidsplassar for lærlingar
- stimulere til at dei unge søkjer seg arbeid i Tokke etter ferdig utdanning
- gje stipend til unge Tokkebuvarar som tek høgare utdanning
- stimulere til etablering av bustader og tilby attraktive bustadtomter
- arbeide for å oppretthalde køyreskule og oppkøyring på Dalen

## Skule og oppvekst

Vi er opptekne av at skulane i Tokke skal ha fokus på kvalitet i undervisninga og at alle elevane skal ha gode og trygge læringsmiljø. Vi vil

- satse på nybygg på Tokke Skule
- medverke til å utvikle Vest-Telemark Vidaregåande Skule og ei utviding av linjetilbodet slik at det blir attraktivt for dei unge å søkje studieplass på Dalen
- vidareføre ordninga med utdanningsstipend til skule- og barnehagetilsette som ynskjer å fullføre høgare utdanning
- prioritere skulane og barnehagane i Høydalsmo og på Dalen med fokus på barna sitt beste

## Næring

Alle typer næringsverksemd er like verdfulle for Tokke kommune og vi ynskjer å aktivt medverke til nyetableringar og styrking av dei verksemdene som allereie finst i kommunen. Eit nært samspel mellom industri, handel, service, turisme og primærnæringer er viktige for å oppretthalde busetnad i trygge og gode grender og tettstader. Vi vil

- medverke til å oppretthalde ein låg maksimalpris på kraft
- styrke næringsfondet for å kunne stø aktivt opp om næringsutviklinga
- vere positive til etablering av små og store verksemdar og tilby oppstarthjelp
- prioritere tiltak og etableringar som kan vidareutvikle og styrke kommunesenteret
- arbeide aktivt for styrking av vegvedlikehald og infrastruktur i heile kommunen
- arbeide for å utvikle bryggeområda mot Bandak og friområda på Dalen og i grendene slik at dei blir attraktive og fritt tilgjengelege for dei fastbuande og turistar
- sikre at det ikkje blir innført generell eigedomsskatt i Tokke
- vere positive til landbruksnæringa for å ta i vare eit godt og levande kulturlandskap

## Helse og Omsorg

Tokke Høgre vil arbeide for gode tenester i eldreomsorga og for at alle som har trong for sjukeheimplassar og omsorgsbustader får tilbod om det. For dei som ynskjer å bu heime så lenge som råd vil vi stø opp om dei kommunale tenestene som heimehjelp og heimesjukepleie. Vi ynskjer å tilby hjelp til samkome mellom aleinebuande og andre som ynskjer møteplassar. Vi vil

- satse på å gjere det attraktivt for helse- og omsorgspersonell å arbeide i Tokke kommune
- sikre gode legetenester og arbeide for at alle skal ha ein fastlege som kjenner pasientane sine
- styrke det psykiske helsevernet i kommunen og det gode arbeidet innan HVPU
- stø opp om det gode arbeidet «BABU-gjengen» gjer
- arbeide for styrking av dagsenter som er knytt til Tokke Helse- og Omsorgssenter med aktivitetstilbod og som ein møteplass for alle
- styrke brukarmedverknaden for pårørande og brukarar innan eldreomsorga og psykisk helsevern
- oppretthalde ei god skulehelseteneste for grunnskulane og den vidaregåande skulen

## Kultur

Vi vil oppretthalde og vidareutvikle Tokke som ein attraktiv kulturkommune og styrke fritidstilbodet for dei unge ved å

- stø frivillige lag og organisasjonar – sport og fritidsaktivitetar
- arbeide for å gje born og ungdom eit felles transporttilbod, til dømes skibuss til Hallbjønnsekken
- oppretthalde eit godt kulturskuletilbod og stø aktivitetar for dei unge
- vere positive til at dei som vil kan bruke Tokkehallen og treningsroma alle dagar
- arbeide for at det kan etablerast løypenett for snøscooter

## Regionalt samarbeid og kommunal administrasjon

Tokke Høgre vil oppretthalde og vidareutvikle det kommunale og regionale samarbeidet i Vest-Telemark for å kunne tilby gode tenester til innbyggjarane i regionen. Samarbeidet må ha fokus på at tenestetilbodet skal fordelast jamt over heile regionen.

Vi vil medverke til at alle tilsette skal ha eit godt arbeidsmiljø og opplever å kunne trivast og ha høve til personleg utvikling i arbeidet sitt – alle tilsette er like verdfulle for å oppretthalde god drift og gode kommunale tenester. Administrasjonen skal ha sterkt fokus på å vere grunnleggjande positiv til initiativ frå innbyggjarar og nyetablerarar og hjelpe til når det er nødvendig.